Jeg er ingeniør og definitivt ingen språkviter. Jeg har ingen historie eller interesser i debatten. Jeg prøver å tenke logisk og praktisk rundt språkutvikling. Kan en finne løsninger som blir bra for alle?

Med vennlig hilsen

Gunnar Sanner

email: gusanner@online.no

Dato: 2021.01.02

----- Forwarded Message -----

Subject: Re: Bruk av ordet 'hen' i norsk språk
Date: Tue, 5 Jan 2021 14:06:11 +0100
From: Kristin Fridtun <kristin.fridtun@gmail.com>
To: Gunnar Sanner <gusanner@online.no>
Maria-Rosa.Raphaela.Doublet@hvl.no, Urd.Vindenes@usn.no,
CC: post@sprakradet.no

Hei!

Takk for e-posten. Berre eit stutt svar frå meg: Ja, eg har sett at debattantar har misforstått kvarandre fordi dei ikkje har klårgjort kva tyding dei nyttar *hen* i. Så slik sett kunne det ha vore praktisk å ha to ulike ord. Det er likevel ikkje ei sak eg kjem til å kjempa for. I praksis vil det ofte gå fram av konteksta om ein brukar ordet på den eine eller andre måten. Dessutan har *hen* rokke å bli temmeleg etablert no – i båe tydingane. Men som sagt: Eg skjønner tankegangen.

Beste helsing
Kristin Fridtun

søn. 3. jan. 2021 kl. 09:12 skrev Gunnar Sanner <gusanner@online.no>:

Hei,

jeg fant referanser til dere i følgende artikkel om bruk av ordet 'hen':

Det grammatiske hen – et kjønnsnøytralt pronomer

<https://sprakprat.no/2018/03/08/det-grammatiske-hen-et-kjonnsnoytralt-pronomen/>

- Maria-Rosa Doublet (forfatter av artikkelen)
- Urd Vindenes - referert artikkel «HEN, QUO VADIS? ([link](#))
- Kristin Fridtun – referert til boken «Kjønn og ukjønn» ([link](#))

I en av billedtekstene i artikkelen stod det noe som jeg har en kommentar til:

«Pronomenet hen slår to fluer i en smekk: Vi får et kjønnsnøytralt pronomen, og det blir mulig å vise til en tredje kjønnskategori for dem som ønsker det. Men det kan også sees som uheldig at ett og samme pronomen har begge disse funksjonene.»

Min kommentar og spørsmål: Vil det ikke være bedre å skille disse to funksjonene/debattene ved å ha ulikt ord for det kjønnsnøytrale pronomenet (hen) og for en tredje kjønnskategori (her foreslår jeg å bruke f.eks. 'hyn', men alternativt kunne 'hin' eller et annet ord benyttes)? Vil ikke dette sørge for at språket blir mer presist?

Jeg er ingeniør og definitivt ingen språkviter. Jeg har ingen historie eller interesser i debatten. Jeg prøver kun å tenke logisk og praktisk rundt språkutvikling.

Kan en finne løsninger som blir bra for alle?

Med vennlig hilsen

Gunnar Sanner

email: gusanner@online.no

Dato: 2021.01.02

Fra: HARALD BRANDAL <braharald@gmail.com>

Sendt: 25.02.2022 12:25:21

Til: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Emne: Pronomen

Han, Ho, Hen.

Vi har idag 3, tre, pronomen til "fritt" bruk, *han, ho, det*..

Kan ikkje sjå nokon grunn for å innføre eit nytt pronomen, med dei fylgjer dette for for resten av gramatikken, så lenge vi har pronomenet '*det*' til rådvelde. Den/dei som ikkje kjenner seg som *han* eller *ho*, kan då fritt nytte seg av pronomenet '*det*', som skulle femna alle andre.

Oppmodar difor Språkrådet til å "skrota" *hen* og gå inn for '*det*' istaden.

Takksam for synpunkt på mi oppmoding.

Med helsing

Harald Brandal ('målvaktar')

e.s. Når eg først er inne: Kan Språkrådet drive "hardkøyring" på bruken av orda '*ovenfor*' vs '*overfor*'. Misbruken her 'skjer meg i øyrene'! Takk.

d.s.



DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

22/655-3

21. februar 2022

Høring om forslag til rettskrivningsendringer

Vi viser til Språkrådets brev av 9. februar 2022.

Helse- og omsorgsdepartementet har ingen merknader til saken.

Med hilsen

Siv Wurschmidt (e.f.)
avdelingsdirektør

Tone Kurås
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

SPRÅKRÅDET

Postboks 1573 Vika

0118 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.:
22/02103-2

Dato:
22.03.22

Svar på høyring om forslag til rettskrivingsendringar

Vi viser til høyringsbrevet med forslag til endringar i rettskrivinga for bokmål og nynorsk frå Språkrådet 9. februar 2022, og takkar for at Høgskulen på Vestlandet (HVL) får kome med innspel.

I dette svaret vil vi konsentrere oss om punkt 4.1.1. i høyringa, som handlar om pronomenet 'hen'. HVL har ingen kommentarar til dei andre forslaga om rettskrivingsendringar i høyringa.

Ei arbeidsgruppe frå norskseksjonen ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett ved HVL har arbeida fram eit grunnlag for høyringssvaret. Arbeidsgruppa består av professor Edith Bugge, postdoktor Hege Myklebust og førsteamanuensis Trude Bukve.

Arbeidsgruppa har sendt ut ei spørjeundersøking til dei tilsette ved HVL, for å kartlegge erfaringar og synspunkt på den nye pronomenforma, og har fått ein høg svarprosent (cirka ein tredel av dei tilsette). I tillegg har dei gjort eit søk i HVL sine egne nettsider og HVL sin kommunikasjon i sosiale medium, for å sjå korleis, og i kva type tekstar, pronomenet 'hen' blir brukt i dag. Resultata viser at 'hen' allereie i aukande grad er i bruk i mellom anna retningslinjer, studenttekstar og undervisningsmateriell ved høgskulen. Spørjeundersøkinga viser også at 72 prosent av dei tilsette ved HVL som har svart, støttar forslaget om å innføre 'hen'.

Undersøkinga tyder på at 'hen' er i bruk i ulike kommunikasjonssituasjonar ved høgskulen i dag, og at tilsette meiner at 'hen' er eit pronomen som kan brukast i ei rekke ulike skriftlege kontekstar. Særleg høg støtte har bruken av 'hen' i omtale av personar som sjølve ønsker å bli omtalt med dette pronomenet. 77 prosent av

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
+47 55585800
Internett
www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
AKS - Avdeling for
kommunikasjon

Saksbehandler
Elin Espe Stensvand
Telefon:

respondentane svarar at det er sannsynleg at dei sjølve vil bruke 'hen' som kjønnsnøytralt pronomen i omtale av personar med ikkje-binær kjønnsidentitet. Dette resultatet tyder på at det store fleirtalet av tilsette ved HVL meiner at det er naturleg å bruke det kjønnsnøytrale pronomenet 'hen' i omtale av personar som har bedt om det. Som generisk referanse lever 'hen' i dag side om side med andre alternativ (t.d. 'vedkommande', 'ho'/'han', 'han eller ho', 'han/ho', omskrivingar med substantiv for pronomen, eller omskrivingar til fleirtalsform og 'dei' eller 'de' som påfølgande pronomen). Tilsette ved HVL rapporterer at 'hen' i anonymisert tekst vinn fram i somme fag og praksisfelt som vi utdannar studentar til, i andre dominerer framleis andre løysingar.

Språkpolitisk utval har behandla denne saka, og den har også vore innom Rådet for likestilling, mangfold og inkludering og toppleiinga ved HVL. Dersom det er ønskeleg, kan vi ettersende grunnlagsarbeidet frå arbeidsgruppa.

Høgskulen på Vestlandet støttar forslaget i punkt 4.1.1., om pronomenet hen i «forslag til rettskrivningsendringer i bokmål og nynorsk», og har elles ingen kommentarar til dei andre forslaga i høyringa.

Beste helsing

Gunnar Yttri

Elin Espe Stensvand

Rektor

Rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen handskrivne signaturar.

Kopi til: AKS - Avdeling for kommunikasjon v/Svein Ove Eikenes, Prorektor for regional utvikling v/Geir Kåre Resaland

4.1.1 Pronomenet *hen*

Forslag

Hin tas i bruk som kjønnsnøytralt pronomen på nynorsk og bokmål.

Begrunnelse

Pronomen tilhører de lukkede ordklassene, og skiller seg dermed grunnleggende fra de åpne ordklassene (f.eks. substantiv og verb), der ordtilfanget er under stadig utskiftning. Dersom samfunnet (språkbrukerne) opplever at det gjeldende pronominalverket ikke dekker dagens virkelighet, bør man, istedenfor å «finne på» nye ord, se om man kan hjelpe seg med det man allerede har. Og her kommer *hin* inn som et opplagt alternativ. For de fleste bokmålsbrukere vil ordet oppfattes såpass arkaisk at det nærmest vil være ikke-eksisterende; dermed vil det ikke by på problemer å ta det i bruk med en ny referent. På nynorsk, der *hin* fortsatt er i bruk, vil det framgå av sammenhengen om det brukes kjønnsnøytralt eller som påpekende pronomen hankjønn.

Politisk inngripen i et språks pronominalverk er radikalt, og språkhistorisk hittil uhørt. At fagmiljøet har «sovet i timen» og tillatt nylagingen *hen* å bli presset fram av politiske aktivister uten filologiske hensyn, gir ikke grunn til å skyve «bruksprinsippet» foran seg.

3.2.2.2 Flertallsformer av intetkjønnsord på trykklett *-er*

Forslag

m) Ordet *water* 'vannklosett' utgår.

Begrunnelse

Ordet forekommer ikke i Universitetsforlagets omfattende *Ordbok for VVS* fra 1974. Selv er jeg ikke kjent med at ordet er i bruk. Norsk (bokmål og nynorsk) har mange nok ord for fenomenet til at det skulle være nødvendig å holde på dette etter all sannsynlighet utdødde lånordet.

Høringsuttalelsen er avgitt som privatperson og ikke på vegne av Cappelen Damm.

Fra: jonny karlsen <jkarl.sen.no@gmail.com>

Sendt: 22.02.2022 14:22:50

Til: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Emne: HEN

HEN er ikke noe pronomen

Sitter på radio P2 og lyver om at hen er blitt mye brukt, det er det ikke noe dere innbiller dere, idioti



DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

Deres ref.

Vår ref.
22/950 - PHV

Dato
10.03.2022

Høring - forslag til rettskrivningsendringer

Vi viser til Språkrådets brev 09.02.2022 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har ingen merknader.

Med hilsen

Harald Aass (e.f.)
fagdirektør

Per Hvattum
seniorrådgiver

Dokumentet er godkjent og sendes uten signatur

Mars 2022

Landslaget for språklig samling

Kommentarer til høringsnotat fra Språkrådet: Forslag til rettskrivningsendringer i bokmål og nynorsk februar 2022

Landslaget for språklig samling har gjennomgått høringsnotatet Forslag til rettskrivningsendringer i bokmål og nynorsk februar 2022. Vi slutter oss til de forslaga som høringsnotatet legger fram og vil komme med et par utfyllende kommentarer.

Vi merker oss – med glede – at summen av de foreslåtte vedtaka fører til at nynorsk- og bokmålsrettskrivinga blir mer lik hverandre. Det ser vi som et uttrykk for at Språkrådet anerkjenner den tilnærminga mellom nynorsk og bokmål som vi opplever i dagligspråk, i sosiale medier og i radio og på TV. Høringsnotatet bruker en del plass øverst på side 4 til å understreke at "Det er et overordna prinsipp at bokmål og nynorsk skal normeres uavhengig av hverandre". På samme plass gjør man samtidig merksam på unntaket fra hovedregelen: "Dersom bruk, tradisjon og språkssystematiske hensyn ikke taler for noe annet, skal man likevel unngå forskjeller mellom de to skriftspråkene når det gjelder bøyningstyper for ulike ord og genus for substantiv." Endringsforslaga holder seg i det store og hele innafor unntaksregelen, men enkelte av forslaga går vel likevel ut over avgrensinga, uten at det gjør dem mindre velkomne. Vi skal helt kort kommentere dem her.

På side 8, i avsnittet 4.1 Forslag som gjelder bokmål og nynorsk, foreslår Språkrådet at pronomenet *hen* skal tas inn i den offisielle rettskrivinga for både nynorsk og bokmål. Ordforma *hen* skal være både subjekts- og objektsform, slik systemet er for pronomenet *han* i nynorsk i dag. Dette ser vi som ei anerkjenning av at bruken av pronomenet *han* i norsk talemål i dag er slik nynorskrettskrivinga angir.

I avsnitta 4.2.1 og 4.3.2 på sidene 10 og 11 bruker høringsnotatet ganske mye plass på å gjennomføre to nesten identiske argumentasjonsrekker for bokmål og nynorsk for å omnormere substantivet *kjevle* til valgfritt hunkjønn/intetkjønn. For sikkerhets skyld får man for bokmål vite "Merk at alle substantiver med hunkjønn i bokmål også kan ha hankjønn". Prinsippet om uavhengig normering for de to skriftspråka slakker man ikke av på, sjøl om det fører til at man må gjennomføre den samme argumentasjonen to ganger.

Et virkelig gledelig endringsforslag finner vi på side 11 i avsnittet med den litt kryptiske tittelen 4.3.1 Sammensetningsfuge når forleddet er et retningsadverb. Dette er et forslag som bare gjelder for nynorsk, og forslagsteksten lyder: "Sammensetninger med retningsadverb som forledd skal ha fugen -an- foran vokal og valgfrihet mellom -a- og -an- foran konsonant." Man kan sjølsagt diskutere om forslaget egentlig er ei bøyingsendring, men gledelig er det at nynorsk og bokmål etter dette kommer en tøddel mer på linje. I nynorsk kan det nå skrives *utafor*, *innafor*, *nordafor*, *nedafor*, *ovafor* osv., det vil si at nynorsk og bokmål kan ha identiske former for disse orda. Videre skal det i nynorsk skrives *nedanom*, *utanom*, *innanifrå*, *utanifrå* osv., ganske likt de tilsvarende ordformene i bokmål.

Avslutningsvis vil vi gi Språkrådet kreditt for godt gjennomført arbeid. Det vil likevel ikke overraske Språkrådet at Landslaget for språklig samling (LSS) meiner at dette arbeidet kunne vært gjennomført på en enklere måte om tilnærming mellom skriftspråka hadde vært ei av retningslinjene for normeringsarbeidet. Sjølstendighetsprinsippet for normering innledes slik: "Bokmålet skal normeres på grunnlag av egen skriftlig praksis og utvikling, og uavhengig av nynorsk." Dette er

ingen enkel regel å leve etter. I dagens norske språksituasjon møter de fleste norske innbyggere hver dag både nynorsknær og bokmålsnær norsk, enten skriftlig eller muntlig. Svært få bruker et muntlig norsk som entydig kan knyttes til enten nynorsk eller bokmål, for de fleste er ei blanding mer naturlig. De to skriftspråka formes i dette kryssingspunktet. Resultatet er ei tilnærming: Norsk språk utvikler seg ganske klart i samme retning for både talemål og skriftspråk. I sosiale medier ser vi at mange opplever skillet mellom de to skriftnormene som irrelevant og i stedet henter fra begge. Det er vanskelig å se at det i en slik språksituasjon kan være mulig og riktig å normere hvert av skriftspråka uavhengig av det andre. Vi meiner at det såkalte Sjølstendighetsprinsippet nå er ei overlevning fra en politisk situasjon som ikke lenger gjelder. I dag opplever vi i stedet at det er et allment ønske å komme fram til ett norsk skriftspråk, som kan føre videre mest mulig av den fellesarven som ligger i bokmåls- og nynorsktradisjonene.

Språkrådet
post@sprakradet.no.

Vår ref.:
22/347- 2- MIKV

Deres ref.:

Dato:
17.03.2022

Hørings svar - forslag til endringer i rettskrivningen for bokmål og nynorsk

Likestillings- og diskrimineringsombudet viser Språkrådets høring «Forslag til rettskrivningsendringer i bokmål og nynorsk februar 2022», med høringsfrist 25. mars 2022.

Innledning

Likestillings- og diskrimineringsombudet har som mandat å arbeide for likestilling og mot diskriminering på grunnlag av blant annet kjønn, etnisitet, religion, alder, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og nedsatt funksjonsevne. Ombudet fører også tilsyn med at norsk rett og forvaltningspraksis er i samsvar med de forpliktelsene Norge har etter FNs diskrimineringskonvensjoner.

Ombudet vil kun kommentere den delen av forslaget som handler om å innføre «hen» som norm i bokmål og nynorsk som et kjønnsnøytralt pronomen.

Om forslaget

Likestillings- og diskrimineringsombudet støtter forslaget.

Det er viktig å bli tiltalt med et pronomen man føler seg komfortabel med. Det finnes personer som ikke ønsker å bli omtalt som han eller hun. Dessverre hender det at folk blir «feilkjønnnet» og vi mener at å formalisere innføringen av pronomenet «hen» vil kunne avhjelpe dette.

Ombudet ønsker å rose Språkrådets gjeldende informasjon på sin nettside om hen, publisert 18. mars 2016. Vi håper Språkrådet vil ha denne tilnærmingen også til andre pronomen fremover, som for eksempel bruken av de/dem som kjønnsoverskridende pronomen.

Ombudet ser frem til å følge Språkrådets arbeid med å innlemme stadig flere inkluderende pronomen. Vi står gjerne til disposisjon i dette arbeidet.

Med vennlig hilsen

Bjørn Erik Thon
likestillings- og diskrimineringombud

Miriam Kveen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent, og gyldig uten signatur.

Svar på høring om framlegg til rettskrivingsendringar

Me vil fyrst takke for høvet til å kunna svara på denne høyringa om rettskrivingsendringar. Hovudsynet vårt er at rettskrivinga ikkje bør verte endra altfor mykje, og det er soleis lurt å vera varsam når ein tek noko ut or eller inn i norma, særleg med omsyn til systemet. Men sjølvstakt er justeringar somtid naudsynte.

Inkjekjønnsord på -eum

Inkjekjønnsorda på -eum og -é er ikkje dei aller mest frekvente i norsk, og me skjønar det kan vera ein føremon å ikkje ha for mykje valfridom her. At ein kan velja regelrett inkjekjønnsbøying ved å skrive *musé*, talar for å halde på valfridomen, det er eit gode at det er mogeleg å skrive ein «meir» fylgjerett nynorsk. Eit spørsmål som kan vera viktig å stille, er korleis orda på -eum ter seg i samansetjing – me går ut frå at endringa tilseier at *museums-* skal vera eineform som førelekk i samansetjing, og at det ikkje lenger er aktuelt med *musé-/muse-*. Kan det vera aktuelt å halda på ein slags valfridom i samansetjingar?

Kjevle

I utgangspunktet verkar det greitt at *kjevle* no skal kunna vera hokjønn attåt inkjekjønn. Men det verkar likevel uheldig å ha eit skilje mellom ordet i botanisk tyding og i den opphavlege tydinga. Det er i seg sjølv ein grunn til å vurdere å halde på inkjekjønnsforma som eineform endå ei stund til.

Pronomenet hen

Det er fint å ta *hen* inn i norma som kjønnsnøytralt pronomen, det hjelper på at det er stutt og på sett og vis liknar på *han* og *ho*. Det ser òg ut til å passe godt inn i systemet, men på nynorsk skil det seg frå *han* og *ho* i so måte at det ikkje kan brukast til å vise til ikkje-personlege substantiv. I sakspapiret saknar me ei presisering om samsvarsbøying. Me går ut frå at det ter seg stort sett som *han*, dvs. at det skal vera «då hen var liten», ikkje *lita*, *lite* eller *små*.

Diskret og diskré

Ut frå bruken ser det ut til å vera eit godt val å ta inn *diskret* som valfri form attmed *diskré* og *diskre*. Men det bør òg vurderast om dette kjem til å ha innverknad på korleis ordet vert uttala, det vil vera uheldig med bokstavrett uttale. I same slengen kan me nemne eit liknande ord, *buffé*, som ofte vert skrive *buffet*. Språkrådet bør vurdere om det skal fylgje ein slags konsekvens mellom desse to. Me hallar mot at den beste løysinga er å halde oppe skiljet mellom *diskré* og *diskret*.

Samansetjingsfuge ved retningsadverb

Det er absolutt høveleg å rette opp i denne inkonsekvensen frå 2012. Men det burde kanskje gjerast heilt regelrett: *-an-* over heile lina, både føre vokal og konsonant. Då gjer ein det ikkje meir komplisert enn det treng vera, og det er lett å lære seg. Som konsekvens høver det ogso å endre *norda*, *sønna*, *vesta* og *austa* til *nordan*, *sønnan*, *vestan* og *austan* – eller i det minste leggje dei til som valfrie former. Det er vanskeleg å skjønna kvifor det ikkje skal vera *-an* der når det er *-an-* i samansetjing. Me skjønar heller ikkje kvifor *-an-* vert omtala som ei fuge i sakspapiret, det er vel del av sjølve ordet, akkurat som i *innan*, *utan*, *heiman* osb. Rådet vårt er difor å innføre *an-*ending ogso når desse orda står usamansette.

Med helsing frå

Håkon Remøy
manusredaktør i Det Norske Samlaget

Mobil: 99 44 20 02

E-post: h.remoy@samlaget.no

På vegner av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Emne: Førekken i retningsadverb - høyring

Til: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Sendt: 26.03.2022 00:26:45

Fra: ar.l@online.no

Framlegg til rettskrivingsendringar – høyringssvar

4.3.1 Samansetningsfuga når førekken er eit retningsadverb

Eg viser til høyringsnotatet og bed om at fuga fær *-an* uavhengigt av om det kjem ein vokal eller konsonant etter. Det vil vera i samsvar med systemet som Aasen valde og utan tvil det enklaste.

Helsing

Arvid Langeland

leiar i Nettverket for tydeleg og enkel nynorsk

Fra: NilsA <a.helander7030@gmail.com>

Sendt: 14.02.2022 01:27:12

Til: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Emne: Ser dere sliter med kjønnsnøytrale ord(hen en og de!

Er dette seriøst, er det språkrådet sin oppgave å la seg presse av ekstreme feministiske organisasjoner (kvinnegruppa Ottar for eks)

Hvorfor ikke gjøre noe som er viktig for språkrådet, for eks Landet vi nordmenn og språkrådet godkjenning. White russia, det er bare vi nordmenn som vet hvor dette landet ligger..... Eller skal språkrådet ta seg en drink...

Til
Språkrådet

Oslo, 25. mars 2022

Høyringsvar frå Noregs Mållag – forslag til rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk februar 2022

Vi viser til høyringsnotatet frå februar 2022 med framlegg til rettskrivingsendringar.

Noregs Mållag har ingen merknader til dei få framlegga som berre gjeld nynorsk. Derimot har vi merknader til somme av framlegga som berre gjeld bokmål. Våre merknader gjeld det at desse framlegga har vorte fremja utan at Språkrådet samstundes har teke stilling til tilsvarande rettskrivingsendringar i nynorsk.

I Noregs Mållags høyringsvar til høyringa i 2021 om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk understreka vi mellom anna at vi meiner det er viktig at ein unngår skilnader mellom nynorsk- og bokmålsrettskrivinga som inneber at former med lang tradisjon i nynorskrettskrivinga er korrekte i bokmålsrettskrivinga, men ukorrekte i nynorskrettskrivinga.

Alle rettskrivingsframlegga vi kjem med i denne fråsegna, kan grunnjevast ut frå innsnevringa av sjølvstendeprikket slik det er formulert i punkt 6.2.1 og 7.2.1 i retningslinjene for normering av bokmål og nynorsk: «Dersom bruk, tradisjon og språkssystematiske omsyn ikkje taler for noko anna, skal ein likevel unngå skilnader mellom dei to skriftspråka når det gjeld bøyingsstypar for ulike ord og genus for substantiv.»

Til punkt 3.2.2.1 og 3.2.2.2

Vi har merkt oss at i høyringa som no er ute, er det m.a. gjort framlegg om fullformer utan samandraging av inkjekjønnsord i bunden form eintal i bokmål – som *kapittelet*, *tempelet*, *teateret*, *registeret* – nett som i nynorsk etter 2012-rettskrivinga. Vi har òg merkt oss at det er gjort framlegg om at nøytrumsord på *-er* får fullform som obligatorisk *a*-form i bunden form fleirtal – *teatera*, *registera*.

Vi er tilfreds med at dette framlegget inneber at umotiverte skilnader som har vore mellom bokmål og nynorsk sidan 2012, forsvinn.

Til punkt 3.2.2.4 bokstav d, e og f

Vi meiner det er uheldig dersom inkjekjønnsorda *spektrum*, *sentrum* og *monstrum* skal ha systematisk ulike bøyingsformer i nynorsk og bokmål.

Vi gjer framlegg om at dei får slik bøyning i nynorskrettskrivinga – i tråd med framlegget Språkrådet har gjort for bokmålsrettskrivinga:

eit spektrum – *spekeret/spektrumet* – *spektrum* – *spektera/spektruma*

eit sentrum – *senteret/sentrumet* – *sentrum* – *sentera/sentruma*

eit monstrum – *monsteret/monstrumet* – *monstrum* – *monstera/monstruma*

Til desse tre orda kan det nemnast at problemstillinga om t.d. *spekeret* og *spektera* er bøygde former av *eit speker* eller *eit spektrum* i praksis kanskje mest er av akademisk interesse. Men vi meiner like fullt at det prinsipielt problematisk med store skilnader mellom nynorsk og bokmål i tilfelle som dette. Før 2012-rettskrivinga var jo heller ikkje formene på *-um* obligatoriske i nynorsk i bunden form eintal og fleirtal av desse orda.¹

¹ Jf. *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet* (2011), s. 124

Til punkt 3.2.2.5 bokstav a

Språkrådet har gjort framlegg om at det i bokmål skal vera valfridom mellom fulle former og former med bortfall av *-us* i orda *auksjonarius*, *justitarius*, *nuntius* og *radius*.

I 2012 vart fulle former gjorde obligatoriske i alle bøygde former av desse orda i nynorsk, jf. t.d.:
ein radius – radiusen – radiusar – radiusane

Vi meiner det uheldig med systematiske skilnader mellom nynorsk og bokmål i denne vesle ordgruppa. Fleire av desse orda er ein del nytta, og det er prinsipielt og praktisk uheldig at bokmål har former som *radien/justitarien – radier/justitrier – radiene/justitiariene*, der tilstavarande former med bortfall av *-us* var i nynorskrettskrivinga fram til 2012 – og jamvel obligatorisk i fleirtalsformene for dei andre orda enn *radius*.²

Vi gjer framlegg om at *auksjonarius*, *justitarius*, *nuntius* og *radius* får fastsett bøyingsformer etter same system i nynorsk som Språkrådet har gjort framlegg om for bokmål, jf. dømet under:
ein radius – radien/radiusen – radiar/radiusar – radiene/radiusane

Dersom Språkrådet vel å gå vidare med å føra nynorsk- og bokmålsrettskrivinga saman på dette feltet, meiner vi det må vera opp til Språkrådet å vurdere om endringa kan gjerast direkte, eller om eit slikt framlegg må sendast ut på høyring seinare.

Merknader om ord av typen *geranium*

Hankjønnsorda *geranium*, *kaperfolium* og *pelargonium* blir bøygde slik i bokmålsrettskrivinga:
en geranium – geranien/geraniumen – geranier – geraniene

I nynorskrettskrivinga har dei sidan 2012 vorte bøygde slik:
ein geranium – geraniumen – geraniumar – geraniumane

Før 2012-rettskrivinga følgde bøyinga i nynorskrettskrivinga det same systemet som framleis er gjeldande i bokmålsrettskrivinga, med valfri fullform eller form med bortfall av endinga *-um* i bunden form eintal, og obligatorisk bortfall av endringa i fleirtalsformene.³

I samsvar med måten hankjønnsord på *-ius* er handsama i høyringsframlegget, gjer vi framlegg om at *geranium*, *kaperfolium* og *pelargonium* skal bøyast etter dette mønsteret, eventuelt ved at eit slikt rettskrivingsframlegg blir sendt ut på høyring ved neste høve:

Nynorsk:

ein geranium – geranien/geraniumen – geranier/geraniumar – geraniene/geraniumane

Bokmål:

en geranium – geranien/geraniumen – geranier/geraniumer – geraniene/geraniumene

venleg helsing
Noregs Mållag

Peder Lofnes Hauge /sign/
leiar

Gro Morken Endresen /sign/
dagleg leiar

² Jf. *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet* (2011), s. 126

³ Jf. *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet* (2011), s. 126

Språkrådet

Oslo, 25.03.2022

Høyringsvar frå Norsk Målungdom til rettskrivingsendringar

Norsk Målungdom (NMU) organiserer ungdom frå heile Noreg i arbeidet for at alle skal ha høve og rett til å skrive nynorsk, og for å fremje nynorsk, dialektbruk og språkleg mangfald på alle samfunnsområde. Vi er glade for høvet til å komme med innspel til høyringa om endringar i rettskrivinga for nynorsk og bokmål. NMU støttar stort sett endringane, men har to punkt vi vil gi ekstra merksemd.

Vi ønskjer først å støtte framlegget i punkt 4.1.1 pronomenet *hen*. Norsk Målungdom har i fleire år brukt *hen* som pronomen i tilfelle der ein ikkje kjenner kjønn på personen ein talar om. At dette no kan bli offisiell rettskriving gjer seg godt. *Hen* tilfører noko som manglar i språket, og vi meiner det gir eit klart og konsist språk.

NMU vil også igjen ta opp vårt syn til norvagisering. Det bør vere eit generelt mål om at ord som er mykje brukt i norsk, skal kunne skrivast på norsk vis. Sjølv om den norvagiserte forma ikkje vert teken like mykje i bruk, også etter 25 år. Det bør alltid vere mogleg å velje ei norvagisert form. Dette innspelet går spesielt til punkt 4.1.5.

Beste helsing

Norsk Målungdom



Frida Pernille Mikkelsen, leiar

Norsk rikskringkasting AS - NRK
Postboks 8500 Majorstuen,
0340 Oslo

Høyringsvar frå Norsk Rikskringkasting AS (NRK) – Forslag til rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk februar 2022.

Vi viser til høyringsbrev frå Språkrådet frå februar 2022 og kjem med dette med eit høyringsvar om «Forslag til rettskrivingsendringar behandla av fagrådet for normering og språkobservasjon i 2021» og «4.1. Forslag som gjelder bokmål og nynorsk» og «4.1.1. Pronomenet hen».

Innleiing:

Vi viser til **NRK-plakaten** og paragrafane 12 og 16, der det står:

§ 12 NRK skal ha som formål å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet, og vidare:

§ 16 NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. En stor andel av tilbudet skal ha norsk forankring og speile det kulturelle mangfoldet i folket. NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkningen. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter. NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.

NRKs langtidsstrategi består av fire hovudpunkt, og vi viser til første hovudpunkt og dei tre underbyggande setningane:

NRK styrker og utviklar demokratiet

- NRK bidrar til at folk forstår samfunnet, kvarandre og seg sjølv betre
- NRK bidrar til eit inkluderande og nysgjerrig Noreg
- NRK styrker norsk og samisk språk og kultur

I NRKs egne språkreglar står det:

1.4 Person- og stadnamn, tal og teikn skal skrivast og uttalast i samsvar med reglar og råd som er godkjende av Språkrådet.

NRK meiner at eit rikt språk styrkjer og utviklar demokratiet. Språket vårt fremjar respekt og toleranse, som er viktige kjerneverdier i eit demokratisk samfunn. Språket vårt er også viktig for at vi skal forstå oss sjølve og kvarandre betre i det samfunnet vi er ein del av. Med bakgrunn i mandatet vårt som allmennkringkastar, samfunnsoppdraget vårt og spesielt språkoppdraget vårt, er det difor viktig for NRK å bidra til utviklinga av det norske språket og slik svare på Språkrådets forslag om at «Hen tas inn i normen i bokmål og nynorsk som kjønnsnøytralt pronomen».

Utgreiing:

I forslaget frå Språkrådet blir det vist til ein auke i bruken av «hen» i norske medium dei siste 10–15 åra. I høyringsnotatet skriv Språkrådet at «hen» har vore brukt sidan 2014, men at bruken har skote fart etter 2019. At hen blir oftare brukt som kjønnsoverskridande pronomen, har også NRK erfart.

Allereie i 2016 gav Språkrådet råd om bruken av «hen» i ein artikkel i «Språknytt» 18. mars 2016, råd som NRK la til grunn internt for bruken av «hen». I 2019 gjorde så språkstyret i NRK dette vedtaket: «Som kjønnsoverskridande pronomen der personen sjølv definerer seg som hen, så opnar vi for å bruke dette i vår journalistikk når personen sjølv ynskjer det. Dette opplever språkstyret å vere i samsvar med den gjeldande praksis i dei redaksjonelle miljøa i NRK. Men som kjønnsnøytralt omgrep

som skal brukast som han/henne/vedkommande er vår haldning at vi skal vere varsame, og viser til at Språkrådet har den same haldninga. Grunngevinga vår er at omgrepet ikkje er innarbeidd og kan difor vere vanskeleg å forstå for publikum. Men dersom det er gode redaksjonelle grunnar til å bruke det i enkeltsaker, og der bruken blir forklart til publikum, så meiner språkstyret det kan vere ei redaktørvagjerd å tillate bruken av kjønnsnøytralt omgrep.»

NRK ser forslaget frå Språkrådet som no ligg føre som ei naturleg vidareføring av råda frå Språkrådet for bruk av «hen» som kom i 2016, og ei vidareføring av NRKs eige vedtak frå 2019. Den største endringa, slik NRK ser det, er ikkje at Språkrådet foreslår at «hen» blir brukt om personar som ikkje identifiserer seg som ho eller han (såkalla kjønnsnøytralt pronomen) i staden for «vedkommande» eller han eller ho, ho eller han, men at det nye forslaget ikkje regulerer korleis forma blir brukt. NRK meiner at forslaget speglar språkutviklinga og støttar også denne endringa.

NRK jobbar mykje med å vere presise og korrekte i sin språkbruk for ikkje å forvirre lesarar/sjåarar/lyttarar, publikumsforståinga er svært viktig. NRK ser ein auke i bruk av ulike kjønnsnøytrale pronomen i bruksspråket i Noreg, det er ikkje berre bruken av «hen» som aukar. Eit alternativ til «hen», som i nokon grad er tatt i bruk, er «de/dem». Når det gjeld denne bruken, meiner vi at det er forvirrande å bruke innarbeidde fleirtalsformer om enkeltpersonar. Ved å normere «hen» håper vi på å avgrense bruken av «de/dem» som kjønnsnøytralt pronomen.

Konklusjon:

NRK meiner normeringa av «hen» vil styrkje norsk språk og kultur, og dermed demokratiet, og støttar difor forslaget frå Språkrådet.

Tromsø, 23. 03. 2022



Nina Einem

Leiar, NRKs språkstyre



Vingulmork, 25. mars 2022

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo

Fråsegn til framlegg um staving

Norskt Måldyrkingslag hev ei nokre merknader til framlegg til staving av ymse ord som Språkrådet no hev sendt ut på høyring. Merknadene kjem i same rekkjefylgja som framleggi kom i høyringsnotatet, so nær som siste merknaden.

-eum

Med framlegget frå Språkrådet vert einaste bøygningi *eit jubileum* : *jubileet*, og det vik av frå vanlege bøygemynster. I bruk er det ymist tildriv til tilmåting etter vanleg bøygning av inkjekyn, anten *eit jubilé* : *jubileet* elder *eit jubileum* : *jubileumet*. Framlegget frå Språkrådet tek burt høvet til å fylgja ei vanleg norsk bøygning, og det er ingi god løysing. Språkrådet tel elles fyre at «[e]ndringar motiverte av systemomsyn kan føra til auka valfridom ved einskilde ord.» Framlegget her er systembrjotande og gjev mindre valfridom, og gjeng dimed tvert andre vegen. Det er difor vandt å sjå kva godt detta framlegget skal vera til.

hen

Framlegget frå Språkrådet segjer inkje um kva grammatisk kyn det nye varaordet *hen* skal hava. Skal det heita *hen er liten* el. *liti* (lita) el. *lite*, elder kann det heita kvart og eittdeira? Me går at ordet i tala, i den mun det vert nøytt, oftaste fell i hop med *han*, og at folk tidaste set ukjent kyn i hannkyn. Svaret gjev seg difor kann henda sjølv. Bruket av det nye varaordet er derimot jamnaste eit medvite val som kann leggja andre, medvitne føringar på målbruket i strid med vanen. Ei slik føring som ofta gjer seg gjeldande, er at ein ikkje vil føra tanken inn på hannkynet heile tidi. Desse ulike umsynene vert ein uløysande floke for mange, og eikor leidrettingi her må difor koma godt med.

I denne samanhengen kann me gå at skulemålet ikkje lenger hev ei eigi hokynsform av lagord so som *open*. Det er i strid med målkjensla hjå mange, og meinkar høvet til å merkja ut kyn. Tanken med å føra inn *hen* må vera god, men same tanken lyt gjelda breidt. Her vantar ei utfyllande dryfting av høvet til å merkja ut kjent og ukjent kyn.

kremt

Framlegget frå Språkrådet synest setja fyre at bruket av *kremt* i hannkyn er kvervande – «tendensen over tid», det heiter. Slik eindimensjonal ekstrapolering kann ikkje liggja til grunn for normeringi. Ordet *kremt* er ikkje millom dei tidgjengaste, og det gjer at ein lyt

vera varsam med å tolka tali. Det som er stoda i dag, er at det år um anna framleis kjem ut bøker der det heiter *ein kremt* og dilikt; det viser eit søk hjå Nasjonalbiblioteket. Det bruket, i lag med det umstende at hannkyn var tradisjonelt rådande alt fram til 1995, talar fyre at hannkyn ikkje kann takast ut no.

kjevle

Det synest uvist å kløyva *kjevle* so som Språkrådet slær frampå – ein slik skipnad vert villande. Når *kjevle* lyt hava inkjekyn i visse samansette ord, tyder det på at hokyn er uhøvelegt når det kjem til stykket. Det er kor som er ingen stor vande um sume skriv detta ordet med hokyn elder hannkyn etter målføret, um ordboki so held ved å råda til inkjekyn.

-a(n) i samansetning

Framlegget frå Språkrådet bøter nokolite på eit hovudlaust system, og den tanken er god. Det spyrst lika vel um denne boti er visshøv. Det er elles ikkje tal um nokon «samansetningsfuge», som Språkrådet skriv; lekken *-an* lagar eit nytt ord av ordroti han heng på, og det er detta nye ordet som vert samansett med ymse andre ord – utan fuge.

I dag er det ei nokre ord i denne flokken – *undan* og so *nordan*, *sunnan*, *austan* og *vestan* – der grunnordet ikkje hev høve til staving med *-n* i skulemålet i dag. Det er ei systemveila som burde rettast, men det ser ut til at det fell utanfyre leitet i framlegget.

Skil me framlegget rett, emnar Språkrådet opna for stavingar so som *innatil* og *nedafor*. Slik det er målbore i framlegget, er det uvisst um stavingar so som *ovapå* skal vera med, med di det ikkje finst noko «retningsadverb» *ov* – elder jau, det finst i gamalt skaldemål. Alle desse ordi på *-an* høyrer do til i same flokken og burde handsamast eins.

Ein annan ting er at *-n* i desse ordi jamt yver er høyrande i samansetningar med ord som tek åt med *t-* au. Difor er det sers uhøvelegt at det berre kann heita *unntil* i skulemålet i dag. Men ved eit skifte *ovantil* : *ovapå* elder dilikt i same skriftstykket kann ukunnige målbrukarar og målrettarar tru at det er fylgjerangt. Denne skipnaden tarv difor umfram leidretting, og det er ingen lette for målbrukarane.

Alt i hop er det lettaste å skriva *-an* i alle tilfelle og ikkje freista fylgja ymis framburd her og kvar.

-er, -el og -ius

Mål dyrkingslaget legg seg ikkje burti stavingi i bokmål, men i framlegget til umbot i bokmål er det vist til stoda i nynorsk. Me vil då gjera merksam på at nedskjeringi av sideformer som Riise-nemndi volde, var i strid med tradisjonen i både måli. Språkrådet burde difor helder retta det som rengt er i nynorsk, og taka inn att formene *skramlet*, *rablet*, *teatret*, *radien* og *justitiariane* der. Det kann ikkje vera i samhøve med grunnsetningane for normeringi at desse formene skal vera forbodne i nynorsk – og at bokmål so for den sak skuld lyt leggja av former som er vanlege i det målet.

For styret i Norskt Mål dyrkingslag

Thorgeir Holm, styresmann

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo

Høyringsvar til framlegg om rettskrivingsendringar

«Medan eg sat og bala med desse flokane, kom ordet *hen* susande. Det var som eit nytt rom opna seg. Eit rom der det var mogleg å vera mange kjønn på ein gong eller ingen kjønn i det heile. Eit rom med frisk luft, nytt utsyn og god plass, så eg kunne få ein pause frå kjønnskategoriproblemet mitt og berre anda fritt. Eg digga det.»

Kristin Fridtun, *Språket er ei bukse*, 2019, s. 281–282.

Pasientorganisasjonen for kjønnsinkongruens (PKI) viser til høyringsnotatets punkt 4 Forslag til rettskrivningsendringar behandla av fagrådet for normering og språkobservasjon i 2021, underpunkt 4.1.1 Pronomenet *hen*.

PKI er Noregs største organisasjon for menneske som opplever å vere eit anna kjønn enn dei vart tildelt ved fødselen, og den einaste pasientorganisasjonen som eksplisitt organiserer ikkje-binære menneske, det vil seie dei av oss som ikkje identifiserer seg som korkje kvinne eller mann. Blant organisasjonane for transpersonar i Noreg, er det PKI som organiserer flest ikkje-binære personar.

PKI jobbar for eit samfunn der alle, uavhengig av kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, seksuell orientering eller etnisk og religiøs tilhørsle, kan leve gode liv utan å oppleve diskriminering. PKI skal styrke rettar, levekår og livskvalitet for personar med kjønnsinkongruens.

Nyleg viste levekårsundersøkinga *Seksuell orientering, kjønns mangfold og levekår. Resultater fra spørreundersøkelsen 2020* (Norman Anderssen mfl., 2021) at rundt ein tredjedel av alle transpersonar i Noreg har ein ikkje-binær kjønnsidentitet. Tal frå internasjonal forskning og frå PKI si eiga medlemsundersøking tyder på det same. Det vil seie at PKI mest truleg organiserer omkring 200-ikkje-binære personar – ein ikkje utbetydeleg del (mellom 2,2 og 11,15 prosent) av det ein trur er det faktiske talet på ikkje-binære personar i Noreg, om ein legg til grunn at mellom 0,1 og 0,5 prosent av befolkninga er trans, og at ein tredjedel av desse er ikkje-binære.

Framlegget til Språkrådet går ut på at *hen* skal bli tatt inn i normene for bokmål og nynorsk som kjønnsnøytralt pronomen. Språkrådet vektlegg bruksprinsippet (punkt 6.2.3 og 7.2.3 i retningslinjene for normering) i si grunngjeving for forslaget, og peikar på at ordet har vore i bruk på norsk i 15–20 år.

PKI er samd med Språkrådet i at det er godt grunnlag for å innlemme *hen* i dei norske skriftspråknormene. Blant dei av oss som har ein ikkje-binær kjønnsidentitet, er det mange som i dag nyttar *hen* som sitt pronomen. Det å bli omtala med riktig pronomen bidrar til auka livskvalitet, og for dei av oss som brukar eller ønsker å omtalast med pronomenet *hen*, vil det vere ei støtte å kunne vise til at det har fått plass innom normene for nynorsk og bokmål. Ei formell språkleg anerkjenning av *hen* som kjønnsnøytralt pronomen vil med andre ord bidra til auka livskvalitet for mange transpersonar.

